

# LISTE TIL KOMMUNESTYREVALET I KLEPP



1 (kum)  
Ane Mari Braut Nese  
(39 år), Kleppe  
Ordfører



2 (kum)  
Ove Horpestad  
(48 år) Horpestad  
Gartner/dagleg leiar

## VIKTIG INFORMASJON - slik stemmer du:

Det er **du** som bestemmer kven av oss som kjem inn i kommunestyret. Det gjer du ved å setje kryss på stemmesetelen framføre den eller dei kandidatane du helst vil ha inn. Det er dei kandidatane med flest kryss som kjem inn i kommunestyret. Du kan krysse framføre så mange du vil.

Om du vil stemme på eit anna parti kan du likevel gi ein stemme til Høyre kandidater du vil ha inn i kommunestyret. Det gjer du ved å skriva navnet til den du vil ha med nederst på stemmesetelen du vel å bruke. Det er tomme ruter med plass til opptil 10 navn.

## Kandidatane 3 - 26 er lista alfabetisk.



3  
Bodil Barka (42 år)  
Kleppe  
Group Treasury  
Manager i Kverneland  
Group



4  
Marianne Auestad  
Erga (49 år) Orre  
Bonde



5  
Morten Erga  
(49 år), Kleppe  
Bankrådgivar



15  
Magne Hodne  
(73 år), Kleppe  
Pensjonist



16  
Bent Horpestad  
(54 år), Kleppe  
Psykologspesialist/  
Leder



17  
Petter Nygaard  
Kirkhus  
(26 år), Orstad  
Kokk



6  
Gunvald Salte Falkum  
(44 år), Tu  
Salgssjef



7  
Kjetil Friestad  
(44 år), Orstad  
Salgsingeniør



8  
Jorun Beate Fylkesnes  
(46 år), Bore  
Rektor



18  
Kristine Norheim  
Meinkøhn  
(40 år), Kleppe  
Jurist



19  
Arild Oftedal  
(64 år), Kleppe  
Politioverbetjent



20  
Ragnhild Olsen  
(51 år), Bore  
HR/adm.leiar



9  
Yvonne Marie  
Gulbrandsen  
(50 år), Kleppe  
Commercial activity  
leader



10  
Elin Barane Helland  
(50 år), Tu  
Jordmor



11  
Frodtjov Helland  
(56 år), Bore  
Innkjøpsjef



21  
Kjetil Pollestad  
(50 år), Kleppe/Orstad  
Sveisekoordinator



22  
Olav Risa  
(41 år), Tu  
Økonomileiar



23  
Heidi Roos  
(42 år), Bore  
Etableringsrådgivar



12  
Ole Flaata Hermansen  
(20 år), Bore  
Lærarstudent



13  
Sjur Heskje  
(37 år), Orre  
Flyger



14  
Stig Hess  
(49 år), Orstad  
NAV-leiar



24  
Olav Røysland  
(59 år), Bore  
Bonde



25  
Raket Sæstad  
(26 år), Kleppe  
Økonomikonsulent/  
student



26  
Siv Merethe Jätten  
Westergård  
(36 år), Kleppe  
Eiendomsfullmektig

# GODT Å BU I KLEPP

## HØYRES FORMÅLSPARAGRAF

Kleppe Høyre vil føre ein konservativ framstegspolitikkk bygd på det kristne kulturgrunnlaget, rettsstaten og folkestyret, for å fremje personleg frihet og sosialt ansvar, medbestemmelse og eigedomsrett og eit forpliktande nasjonalt og internasjonalt samarbeid.

## HØYRE STÅR FOR

- Muligheter for alle
- Frihet for den enkelte til å velje og bestemme over eige liv
- Eit varmt og inkluderande samfunn med omsorg for den som treng det
- Samspel med innbyggerane for god velferd
- Meir makt til kommunane og lokaldemokratiet
- Bærekraftig framtid

## KLEPP HØYRE VIL ARBEIDE FOR

- Klepp skal vere ein attraktiv plass å vekse opp, bu og arbeide i
- Det skal vere MULIGHETER FOR ALLE
- Alle som bur i Klepp skal kjenne at dei høyrer til her
- Kleppskulane skal gi alle mulighet til å utvikle sine sterke sider
- Klepp skal ha ein robust og sunn kommuneøkonomi
- Klepp skal fortsatt ha låge kommunale avgifter, gjennom effektiv drift av kommunen
- Digitale hjelpemiddel skal tas i bruk i større grad, og innbyggerane må hjelpast inn i den digitale kvardagen
- Klepp kommune bør ta ansvar for å tilsette fleire med «hull i CV-en»
- Me vil ikkje pålegge innbyggerane i Klepp eigedomsskatt



Les meir om oss på [hoyre.no/rogaland/kleppe](http://hoyre.no/rogaland/kleppe)  
Følg oss gjerne på Facebook,  
Instagram og Snapchat.



# STØ KURS VIDARE MED ANE MARI SOM ORDFØRAR



**TRYGG  
HANDLEKRAFTIG  
AKTIV**

Program Klepp Høyre  
2019 - 2023







## NÆRINGS LIV

*Klepp Høyre er stolte over at me tok initiativ til «fast track» for næringslivet. Nå prioriterer byggesaksavdelinga i kommunen søknader som gjeld å oppretthalde eller etablere nye arbeidsplassar. Me vil arbeide for at det skal vere nok næringsareal til at bedrifter kan etablere seg og utvide.*

Me vil arbeide for:

- At næringslivet skal ha forutsigbare rammevilkår
- At kommunen legg til rette for nye arbeidsplassar
- At næringslivet skal ha rask saksbehandling
- At utvikling, innovasjon og vekst i næringslivet skal heist fram av kommunen
- At Klepp kommune må ta større ansvar for å legge til rette for auka turisme



## MATPRODUKSJON

*Klepp er ein stor matkommune. 68% av arealet i Klepp er fulldyrka. Den jorda må me ta vare på. Gjennomsnittet i resten av landet er bare 2,9% fulldyrka. Klepp Høyre skal vere det partiet som strekk seg lengst for å lytte til matprodusentane og bringe utfordringane vidare.*

Me vil arbeide for:

- At Klepp kommune skal ta vare på matjorda
- Effektiv arealbruk gjennom å byggje i høgda og fortette både når det gjeld næring og bolig
- Me vil ta minst mulig jord ved bygging av vegar og sykkelstiar
- At Klepp kommune må ta ei aktiv rolle for å utarbeide ny mal for minimal arealbruk ved bygging av infrastruktur
- At Klepp kommune skal støtte opp om eit aktivt landbruk
- At Klepp kommune skal støtte utvikling, innovasjon og vekst i landbruket
- At landbruket må ha forutsigbare rammevilkår
- At Klepp kommune skal støtte opp om satsing på jærsk kvalitetsmat

## SAMFERDSEL

*Klepp Høyre vil at kommunen skal oppretthalde trykket på fylkeskommunen for eit godt kollektivtilbod. Me vil arbeide aktivt for å løyse utfordringane med samferdsel i kommunen.*

Me vil arbeide for:

- Å løyse utfordringane med trafikkavviklinga på Orstad og Kåsen
- Dobbeltspor heilt til Egersund med korresponderande matebuss
- Parkering for bilar og sykkelgarasje ved jernbanestasjonane
- At det må byggast meir gang- og sykkelveggar for å tryggje skulevegen for ungane våre



## MILJØ og KLIMA

*Klepp Høyre vil arbeide for å gjere det lettare å velje grøne løysningar. Me meiner og at matkommunen Klepp må ta ei rolle i å redusera matsvinnet.*

Me vil arbeide for:

- Å opparbeide fleire «grøne lungar» der folk bur og møtes
- Å etablere ladestasjonar ved friluftsområder
- Å følge opp vedtaket om å satse på førarlause bussar når teknologien og lovverket er på plass
- Å stimulere innbyggjarane til å redusere bilbruken
- At alle nye kommunale bygg skal vere klimanøytrale
- Kommunen skal gå føre med eit godt eksempel både når det gjeld forbruk av plast og emballasje og matsvinn
- Klimaplanen må brukast aktivt til å redusere klimautslepp i kommunen

## Å VEKSE OPP I KLEPP

*Klepp Høyre er opptekne av at ungdommen skal kunne kome heim frå studiar og bu i si eiga bygd. Likeins at dei som overlet garden til yngre generasjonar skal kunne bu i leilighet i eiga bygd om dei vil det. Det må vere rom for utvikling av bygdene i Klepp.*

*Det er viktig at ungane i Klepp lærer å mestre livet. Me har alle ei psykisk helse, og Klepp Høyre er opptatt av at dei som treng hjelp blir oppdaga og får hjelp så tidleg som mulig. Me er stolte av å ha fått innført mål om at 50% av dei vaksne i barnehagane er utdanna pedagogar.*

*Klepp Høyre vil arbeide for betre resultat i skulen og stiller m.a. spørsmål som: Treng me lekser? Og må leksene gjerast heime? Klepp Høyre meiner me må vera villige til å sjå på nye løysningar.*

Me vil arbeide for:

### Oppvekst

- At Klepp skal vere ein aktiv og trygg kommune å vekse opp i
- At ungane våre skal ha trygge og inkluderande oppvekstmiljø
- Mobbing er ikkje akseptabelt. Kommunen må ta kraftig tak i arbeidet mot mobbing
- Å opprette eit mobbeombod
- At det skal vere gode overgangar frå barnehage til og med vidaregåande
- At ungane i Klepp skal ha trygge skuleveggar og gode uteområde for meir aktiv leik
- At helsestasjon, skulehelsetenesta, PPT og barnevernet må arbeide endå tettare i hop til beste for ungane.
- At alle desse tenestane skal vere lette å koma i kontakt med, og opplevast som trygge og tydelege medhjelparar
- At kommunen må jobbe meir med å redusere barnefattigdom
- Gode og varierte fritidstilbod

### Barnehage

- At det må bevilgast pengar for å oppretthalde målet om 50% utdanna pedagogar i barnehagane
- Tilsette i barnehagane i Klepp viser stor vilje til å vidareutdanne seg. Kommunen må fortsatt tilby denne muligheten til så mange som mulig.

### Skule

Me vil at elevane skal oppnå endå betre resultat i skulen. Då meiner me dette trengst:

- Lærarane i Klepp viser stor vilje til å vidareutdanne seg. Kommunen må fortsatt tilby denne muligheten til så mange som mulig.
- Innføre felles sunn og god skulefrukost eller lunsj på alle skular
- Kommunen må ta i bruk tiltak for å redusere kjønnsforskjell i læringsresultata
- Arbeide for at alle skulane i Klepp skal bli sertifisert dysleksi-venlege

### Ungdom

- Det må vere eit mål at alle elevar i Klepp skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring inkludert læretid
- Klepp kommune skal fortsatt vere pådrivar for at bedriftene i kommunen tek inn lærlingar
- Kommunen skal alltid ha to lærlingar per tusen innbyggjarar
- Kommunen må i samarbeid med foreldre, ungdom, politiet og andre gjere alt som er mulig for å forebygge at ungdom fell utanfor
- Kommunen må jobbe aktivt i samarbeid med foreldre, ungdom, politiet og andre mot rusmisbruk blant unge



## KULTUR, IDRETT OG FRITID

*Klepp Høyre vil heie fram og støtte alle dei frivillige i Klepp. Det blir utført fantastisk mykje frivillig arbeid i idretten, friluftslivet, kulturlivet og frivillig-sentralen. Økonomisk situasjon og sosial bakgrunn skal ikkje hindre nokon i å delta og bidra. Den siste perioden har me sett i gang planlegging av ny idrettshall på Bore, ny idrettshall og turnhall i Varheia, ny gymnastikkhall ved Kleppeloen og nytt folkehelseanlegg i Kleppe sentrum.*

Me vil arbeide for:

- Gode friluftsområde og turløyper for aktivitet nær der folk bur
- Breitt kulturtilbod
- Utvikling av samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjonar
- At Klepp kommune får den «råaste» aktivitetsparken i landet
- At symje- og idrettshallar skal vere opne i feriar og på fridagar
- Kajakkanlegg på Klepp Stasjon
- At kommunen må sikre areal til fritidstilbod på Engelsvoll/ Klepp Stasjon
- Badeplass i Frøylandsvatnet
- Tursti langs Figgjoelva frå Foss-Eikeland til Bore
- Bru over Orre-elva på sjøsida av veggen
- Å prioritere å nedbetale kommunen si gjeld til lag og organisasjonar

## TRYGGHET OG OMSORG

*Klepp Høyre ønsker eit mangfald innan velferdstenestene, skapt i eit samspel mellom brukarar, pårørande, frivillige, private og kommunen. Skader og sjukdom må i minst mulig grad begrense eit aktivt og rikt liv. Kommunen må møte innbyggjarane sine individuelle behov med spørsmålet: «Kva er viktig for deg?» Kombinasjonen av omsorg og tekniske/digitale hjelpemiddel er viktig for at me skal kunne leve våre eigne liv.*

Me vil arbeide for:

- At alle har eit aktivt liv og klarer seg sjølv best mulig. Vi kaller det «Leve heile livet»
- Livskvalitet gjennom aktivitet og meistring
- Auka satsing på forebygging og rehabilitering
- Brukarar og pårørande må få ta aktiv del i utforming av tilbod
- Samarbeid med andre kommunar for stadig utvikling av gode tenester
- Nytenking, forenkling og meir bruk av velferdsteknologi i lag med varme hender
- Gode fleksible tenester som endrar seg i takt med brukarane sine behov
- Å legge til rette for at flest mulig i omsorgssektoren jobber heiltid. Dette er for innbyggjarane sitt beste. Heiltid gir meir ro, med færre folk å forhalde seg til.
- No som det er vanleg å ete middag på ettermiddagen, så må folk få fortsetje med det sjølv om dei kjem på sjukeheim.
- Sansehagen inni Sirkelen må gjerast brukande ved å byggje for eksempel glastak over
- Legevakt i Klepp eller Time
- Jobbe aktivt i lag med politiet for å beskytte innbyggjarane mot kriminalitet
- Det må setjast av plass til gravplass for Orstad i kommuneplanen.